

Uttale frå E39-utvalet om fylkeskommunen si deltaking i Stamvegutvalet for E39 gjennom Sogn og Fjordane

E39-utvalet har merka seg fylkesrådmannen si innstilling i saka om «Oppfølging av arbeidet med store samferdsleprosjekt». Utan å ha drøfta saka med partane i E39-utvalet, tilrår fylkesrådmannen at fylkeskommunen trekkjer ut sitt engasjement i stamvegutvalet for E39 gjennom Sogn og Fjordane. Det vert tilrådd at fylkesordføraren skal ta eit initiativ til å opprette eit felles kontaktutval for E39 gjennom heile Vestland.

Vi er kritiske til at det ikkje har vore dialog og kontakt med E39-utvalet i Sogn og Fjordane kring dette spørsmålet. Vår klare haldning er at E39-utvalet ikkje er klare for ei slik omorganisering no.

Vi vil gjerne vere med på ein diskusjon om kva som er ei tenleg organisering framover, men i denne fasen har vi fokus på Nasjonal Transportplan. Vi meiner at fylkeskommunen må halde fram med si deltaking i E39-utvalet, og at vi vert likebehandla med andre vegforum.

Vi minner elles om at det er Vestlandsrådet som har ivareteke pådrivarfunksjonen for opprusta og ferjefri E39 på Vestlandet heilt sidan 2003.

Førde, 24. september 2020

E39-utvalet i Sogn og Fjordane
Jenny Følling
Leiar

Høyanger kommune
Ordførar Petter Sortland
Nestleiar

Sunnfjord kommune
Ordførar Olve Grotle

Stryn kommune
Ordførar Per Kjøllesdal

Stad Kommune
Ordførar Alfred Bjørlo

Gloppen kommune
Ordførar Leidulf Gloppestad

Gulen kommune
Ordførar Hallvard Oppedal

Hyllestad kommune
Ordførar Kjell Eide

Fjaler kommune
Ordførar Kjetil Felde

Askvoll kommune
Ordførar Ole-Andre Klaussen

Inge Råheim
NLF

Mathias Råheim
NAF